

SØNDAG 4. MARS 2018

Bli abonnent!

ANNONSE

49%

54%

49%

52%

KULTUR KYSTKULTUR KYSTMUSEET

Han vil etablere kystkultur-samarbeid i god tid før regionsamanslåing



Kjell Magnus Økland, dagleg leiar i Stiftinga Kystsogevekene. Foto: Geir Systad

Av [Liv Standal](#)

04. mars 2018, kl. 17:01

DEL



...

ANNONSE

Winterkampanje hos
Volkswagen Nyttekjøretøy.

Lyspakke
3.990,- eks.mva
LED-lys, Regnsensor, Automatisk
avblendbart speil, Coming/leaving
home lysfunksjon

Les mer


Nyttkjøretøy

*Gjelder ved kjøp/leasing av ny Volkswagen Transporter T4.6m til 31.03.2018.

[Kystsogevøkene](#) er stifting som held til i Hordaland - med Gulen kommune som einsam slengar frå Sogn og Fjordane. Men i og med at dei to fylka skal bli til eitt frå 2020, inviterer no stiftinga kommunar i nordfylket inn i samarbeidet. Torsdag kjem dagleg leiar i stiftinga til Kystmuseet for å orientere om moglegheitene eit slikt medlemskap kan ha.

Vil utvide i god tid før regionreformen

Det overordna målet til Kystsogevøkene er å fremje kystkultur via store og små arrangement i medlemskommunane. Og dagleg leiar i stiftinga, Kjell Magnus Økland trur dei kan ha mykje å bidra med opp det arbeidet som blir gjort i Sogn og Fjordane.

Det er kommunar som må melde seg inn i dette samarbeidet.

- Det er naturleg å tenke ei slik utviding i samband med regionreformen. På møtet på Kystmuseet vil eg først og fremst orientere om kven vi er og korleis vi arbeider. Så er det opp til dei miljøa som driv ulike formar for kystkultur om dei ser nytte i dette. Då må dei snakke med sine respektive kommunar så kan innmelding komme på dagsorden i kommunestyra.

Økland har invitert mange kystkulturelle aktørar. Han trur at noko av det som er interessant, er at stiftinga kan bidra når det gjeld marknadsføring.

- Vi når nok vidare ut enn ein lokal arrangør greier, når vi jobbar med regionalt blikk.

I tillegg skal Kystsogevøkene vere ein fagleg pådrivar for utvikling av kystkulturtilbod.

- Ein kan diskutere idear omkring til dømes arrangement med meg. Ofte har eg tips - ein treng jo ikkje å finne opp kruttet på nytt. Kvifor ikkje låne idear som har funka andre stader og tilpasse dei sin arena, spør Økland.

- Treng lokale drivkrefter

Det har nok vore ein tendens til at arrangementa til Kystsogevøkene har mangla fornying, ser Økland.

- Vi har hatt problem med å få tak i dei yngre, vi har køyrt på repeat. Det må vi gjere noko med. Turen til Sogn og Fjordane er for såvidt ei forlenging av det same - ei fornying av eit konsept som har eksistert i over 20 år.

Økland har allereie tenkt på lokale aktørar som kan ha nytte av å overtale kommunen sin til å melde seg inn i samarbeidet.

- Både Loyal, Svanhild, Atløy, Kystmuseet og Kystlaget Hornelen er aktørar som kan gå inn og vere arrøngarar eller delarrangørar i spennande ting i Flora og Bremanger. Florø Seilforening og, for den del, med nytt klubbhus, er dei eit glimrande utgangspunkt for aktivitet.

Men Økland strekar under at det må finnast drivkrefter for arbeidet lokalt - det vil ikkje endre seg sjølv om Kystsogevekene blir ein samarbeidspartnar.

Økland meiner kystkultur er eit underkommunisert tema i den norske offentlegheita.

- Vi treng å framsnakke den. Helst skulle det vore unødvendig, men i overskuelig framtid trur eg vi vil trenge sårne markeringar.

Kystsogevekene vert i år avvikla mellom 4. august og 16. september. Men inntil vidare altså berre i Hordaland og Gulen.

Lik Firdaposten på Facebook

Lik dette

Sander Ødelien og 3,9 tusen andre likar dette.



Les meir om: [kultur](#) [kystkultur](#) [kystmuseet](#)

Sjå kommentarar

Fleire saker



Sjå kven som gjekk vidare i UKM

ANNONSE

